



Styret i bondelaget midt i kulturlandskapet på Dønhaug. Kjetil Fossheim var ikkje til stades, men dei andre er Olav Hjetland Bringedal, Hans Reidar Kjærland, Runar Myklebust, Tor Ove Haugland og Andreas Kristoffersen

Uskedalsbøndene er ikkje mindre frusterte og uroa enn kollegene ellers i Kvinnherad over forslaget frå regjeringa til landbruksoppgjer og brotet som no er eit faktum. Men dei har ei kjensle av å ha folkets fulle støtte. Det ga styret i det lokale bondelag uttrykk for då uskedalen.no i kveld møtte det midt i det praktfulle kulturlandskapet som det er så viktig å bevare men som er truga av tilbodet. Det vil ikkje minst vil gå ut over Vestlandsjordbruket, held styret fram.

Kvinnherad er nest etter Voss den største landbrukskommunen i Hordaland med vel 300 årsverk, Og i Uskedalen er landbruket den største næringa rekna i årsverk. Tilbodet frå regjeringa inneber etter styret si meining at dei store bøndene vert enda større medan dei mellomstore og mindre taper i konkurransen og får mindre.- Men det er ikkje først og framst kroner og øre dette gjeld, det er meir strukturendringanesom vil skje,seier leiar Olav Hjetland Bringedal.

- Distrikta får nesten ingenting av dette oppgjeret, og i Uskedalen kjem alle dårleg ut. I neste omgang vil vi ikkje kunne dekkja kostnadsveksten,seier leiaren som minnar om at mange unge bønder har satsa friskt og optimistisk her i bygda i det siste. No får dei ein lei baksmell hvis oppgjeret ikkje vert retta opp under neste fase.

Neste steg vil bli at utviklinga går ut over busetnaden, for ingen vil vel bu i ei bygd som gror att. Og å flytta til Austlandet er heller ingen brukbar veg for der er alt oppteke, bemerkar Hans Reidar Kjærland, som også minnar om lite fristandeeferingar frå Danmark med den blåblå regjeringa no legg opp til her.

Også Uskedal-bøndene er intenst med i aksjonen sjølv om dei kanskje ikkje er fullt så engasjerte som for 2 år sidan. Ein viss resignasjon gjer seg truleg gjeldande.- Vi er skuffa og lei oss, seier styremedlemmene.

Dei varslar imidlertid at fleire aksjonar er på gang utan at dei vil ut med kva det gjeld.Men det er kanskje klokt å gjera nokre strategiske innkjøp i dei næraste dagane...

Tekst og foto og nett: Ola Matti Mathisen